

Dom over eit samanbrot

– Eg vil ikkje spekulere i kvifor Hans Fredrik Dahl har fått David Irving som kultfigur.

AV ROALD HELGHEIM

DET sa historikaren Odd-Bjørn Fure då han lanserte pamfletten *Kampen mot glemselen* (Universitetsforlaget) i går. Med undertittelen *Kunnskapsvakuum i medisamfunnet* er boka først og sist eit åtak på historikaren og Dagbladets faste frilanskommentator Hans Fredrik Dahl – men også på avisa som i følge Fure ukritisk har latt Dahl få drive med desinformasjon, og på det manglande samfunnsengasjementet blant historikarar som ikkje har tatt til motmæle.

Utgangspunktet for den drygt 200 sider tjukke pamfletten er Dahls positive omtale av den britiske publisisten David Irvings Goebbels-biografi *Goebbels, Mastermind Of The Third Reich*. I fjor sommar skreiv Dahl i Dagbladet at «Irving bok... er en tvers gjennom faglig monografi underbygd av et enormt kilde- og notestoff.... Jeg har lest biografien, og kan innestå for dens faglige kvaliteter.»

Den historiske revisjonisten Irving har i mange år vore det «vitskaplege» alibiet for den nynazistiske rørsle som benektar tyske masseutryddingar av jødar i gasskammera under krigen. Dahl understreka at han sjølvsagt ikkje delte Irvings syn, men hevda at Irving «bestridt i sitt forfatterkap ikkje dette folkemordet, hva hans siste bok viser. Tvert imot vil jeg si at hans bøker gir oppslag til verdifulle diskusjoner om det».

Fremste kjeldekritikar

I løpet av ein avisdebatt med historikaren Rolf Hobson, Lasse Midtun og Hans Rustad hevda Dahl at Irvings Goebbels-biografi er «et vitenskapelig arbeid fra den fremste kildekritikeren innen nazismens historie i dag. Irving (er) den forfatter i dag som etter mitt skjønn anlegger den mest konsekvente kildekritiske perspektiv i sine analyser» (Dagblad-sida er gjengitt frå boka). Dei som ågde med i debatten vil også hugse at Dahl framheva Irvings Goebbels-biografi som eit kjeldekritisk motstykke til Daniel Jonah Goldhagens «Hitler's Willing Executioners».

Leuchter-svindelen

Irvinges hovudankpunkt mot Dahl er at han gir slik status til det Fure kallar ein notorisk historieforskar, og han går sterkt i rette med Dahls forsøk på å skilje mellom Irvings politiske og «faglege» fråsegner. I Irvings første bøker om Det tredje rike vart Hitlers utryddingspolitikk andsynes jødane ikkje benekta. I *Hitler's War* frå 1977 omtalte han tre av utryddingsleirane, men hevda oppsiktsvekkjande nok at Hitler ikkje visste om desse leirane før i oktober 1943. Det avgjerande steget i retning av full for-



Odd-Bjørn Fure er førstemannens ved Historisk Institutt ved Universitetet i Bergen og prosjektleiar ved Senter for europeiske kulturstudier (UIB). For tida er han engasjert i eit prosjekt om tysk etterkrigshistorie. Han går sterkt i rette med Hans Fredrik Dahls positive omtale av den historiske revisjonisten David Irving i ein pamflett som vart lansert i går.

Foto: Ola Sæther

neking av Holocaust tok Irving i følge Fure på åttitalet, i samband med ein prosess mot tysk-kanadiaren Ernst Zündel i Toronto. Han vart i 1985 domd til 15 månaders fengsel for å ha hevda at utryddinga av jødar og serleg gasskammera var ein myte. Han anka og saka kom opp att i 1988. Ein amerikansk spesialist på å eksekusjonsmetodar, Fred Leuchter, vart sendt til utryddingsleirane Auschwitz-Birkenau og Majdanek. På bakgrunn av kjemiske analyser av fragment i veggene konkluderte han med at drap med gass ikkje hadde funne stad.

Leuchters arbeid vart både under og etter rettsaka plukka frå kvarandre (ein del veggane var rekonstruksjonar). Det enda i rettsaka med at domaren nekta han å vitne fordi han hadde ført retten bak lyset om sine vitskaplege kvalifikasjonar. Irving var til stades i retten, men skreiv likevel eit forord til Leuchter-rapporten då han vart publisert, der han hevda at kjemi i motsetning til historie er ein eksakt vitenskap, og gjekk god for alle Leuchters slutningar. Då han i 1989 gav ut ei ny utgåve av *Hitler's War*, var alt han hadde skrive om utryddingsleirar fjerna. I alt han har skrive etter 1989 er «gasskammera» noko han omtalar i anførsel, med alliert propaganda som kjelde..

Det er på denne bakgrunn Fure stiller spørsmålet korleis Dahl kan utnemne ein historikar av Irvings format til «den fremste kildekritikeren innen nazismens historie idag». Han hevdar at Dahl ikkje har forskingskompetanse på området, og at han overser den overveldande kritikken mot Irving frå leiande europeiske his-

torikarar. På pressekonferansen i går sa Fure at ein som utnemner ein notorisk historieforskar som Irving til den fremste kjeldekritikaren på området er utan gangsyn, driv desinformasjon og såleis er ukvalifisert.

Dagbladet

Han understreka at han ikkje hadde grunn til å tru å dra Dagbladets redaksjonelle haldning til nazismen i tvil.

– Det forventa forsvarer frå Dagbladet vil vere omsynet til ytringsfriheten, men avisa har ikkje plikt til å spre desinformasjon. I seriøse europeiske aviser ville Dahls artiklar ikkje kome på trykk fordi dei ikkje held eit fagleg minstemat, sa Fure, som meiner at Dahl i kraft av sin posisjon i samfunnet og som fast kommentator i Dagbladet er ein viktigare meiningsdannar enn kva som helst innendarer i tvil.

John Olav Egeland skreiv på slutten av debatten ein kommentar der han markerte avisas prinsipielle haldning til nasjonalsosialismen og tok avstand frå Irving. Stanghelle har gjort det i ei bisetning på leiarplass, «men en svale gjør ingen sommer. I lesernes samlede inntrykk av Dagbladets profil er det ikke Egelands ene intensjon som teller, men de jevne drypp fra Dagbladet over flere år», skriv Fure, som også gir resten av media det glatte lag. Av avisene var det berre Morgenbladet som engasjerte seg mot Dahl.

Kunnskapsvakuum

Fure meiner unnfallet blant historikarar til å ta opp Dahls hanske ligg i forfallet den historiske tradisjon. Histo-

rikarane spelar ikkje den same rolla som før i samfunnsdebatten, heller ikkje debattar som angår historia. Tradisjonen til Koht, Bull, Stang m.fl. som kunne vere både politiske aktørar og historikarar med eit heilskapssyn, har vore på veg ut etter krigen, og denne «retretten fra offentligheten» skuldast i følge Fure ei utvikling på lærestadene. Den samtidsorienterte historikaren har vore på veg ut. Dei handverksmessige sidene ved faget har blitt dominerande på bekostning av å arbeide med overordna teoriar og modellar, og populærhistoriske framstillingar, gjerne skrivne av journalistar, har fått forrang, meiner Fure, som skriv at det «ligger en stor historisk utfordring for historikere å ta opp tradisjonene fra syntese- og prosessorienterte forskere som Marc Bloch, Halvdan Koht, Norbert Elias og Stein Rokkan».

Sivilisasjons samanbrot

Den svake internasjonale samfunnsorienteringa i historiefaget kjem samstundes med det nye sivilisasjonssamanbrotet i Europa. Difor fekk katastrofa i det tidlegare Jugoslavia «aldri noen sentral plass i den historiske bevisstheten». «De historisk orienterte, kritiske intellektuelle burde i denne situasjonen ha bidratt til å utvikle kunnskap og bevissthet om betingelsene for og omfanget av det forrige sivilisasjonssammenbruddet i Europa. Det er i dette perspektivet Dahls hyllest til til en publisist som dels benekter at det fantes utryddelsesleirer i Det tredje, dels utelater dem i sin historiske utlegninger, får dimensjoner som er egnet til å bekymre», konkluderer Odd-Bjørn Fure.



Informasjonsteknologien

DE FLESTE av stedene det henvi i dagens spalte omhandler diskusjon om bruk og utvikling av informasjonsteknologi (IT) i samfunnsmessig menheng. Takk til en av de ivrige dragsyterne på internetsidene til forum for de fleste av tipsene.

KK-forum

Det foregår nå en spennende debatt om informasjonsteknologi på «KK-forum». Det har også nylig vært to nede kronikker i Klassekampen om informasjonsteknologi og faglige spørsmål. Du finner begge deler om du går inn på Klassekampens internetsider. <http://www.klassekampen.no>

Planleggingsminister Rugaas

Planleggingsministeren holdt nylig redogjørelsen i Stortinget om ringens syn på utviklingen og bruken av informasjonsteknologi. Selv om det er langt i fra et grensesprengende (det jo nyttig å se hva som er regjerings syn. <http://odin.dep.no/psd/talet/97/970128.html>

Uka etter at Rugaas la fram redogjørelsen for Stortinget, hadde han et innlegg der han kommenterer dette. <http://odin.dep.no/psd/talet/97/970204.html>

Teknologi og Kultur

Innsatsrådet for Kommunikasjonsteknologi og Kultur (KTK) ved universitetet i Oslo representerer en tverrfaglig og tverrfakultær innsats ved moderne kommunikasjonsteknologi. Slik omtales prosjektet på internetsidene: «Den sentrale innsatsretter seg derfor mot utvikling, analyse og analyse av kommunikasjonsteknologien i lys av historisk/filosofiske, språklige/symbolske, samfunnsmessige, politiske, juridiske, etiske, dagogiske og teknologiske forhold. Dette gjelder både betingelser for utviklingen av teknologien. KTK skal bl.a. å sette den kommunikasjonsteknologien legger til rette for en kulturell, sosial og politisk sammenheng. Kommunikasjonen kan være et viktig verktøy i den offentlige rom. Innsatsrådet fokuserer særlig på grensefeltene mellom de ulike fagområdene, og gir en historisk/filosofisk, språklig/symbolske, samfunnsmessige, politiske, juridiske, informatiske, estetiske og pedagogiske innfallsvinkler» <http://www.hf.uio.no/ktk/>

Labor-net

Arbeider-net er internett-sider som er utarbeidet av fagforeninger og faglige aktivitet. Vi har henvisning til disse sidene tidligere, men de fortjener et nytt innlegg. Jeg er sikker på at ikke lesere av denne spalten har lagret disse som bokmerke. Mottoet for siden er «internett for people ... not for profit». Siden er et eksempel på hvordan informasjonsteknologi kan brukes av folk – mot makt. <http://www.igc.org/igc/labornet/>

AV AKSEL NÆRSTAD

Tony Williams er død

Jazztrommeslageren Tony Williams døde søndag av hjerteattakk, bare 51 år gammel. Tony Williams ble først kjent for sitt samarbeid med Miles Davis. Han ble født i Chicago og vokste opp i Boston, hvor han begynte å spille trommer som 8-åring. Etter karrierer med Art Blakey og Max Roach ble Tony Williams alt som 17-

åring oppdaget av Miles Davis, som innlemmet ham i sin legendariske kvintett i 1963.

Tony Williams spilte på 13 album med Miles, Herbie Hancock, Ron Carter og Wayne Shorter inntil 1968. Hans senere samarbeid med gitaristen John McLaughlin og organisten Larry Young var banebrytende i sam-

menningeltingen av jazz og rock, også kalt «fusion». Williams spilte også inn plater med John Coltrane og Jimi Hendrix.

Williams gikk etter hvert lei av kritikken fra jazzpuristene og la trommesettene på hyllen i 1972, men vendte tilbake fire år senere i en gruppe ledet av Herbie Hancock. I 1995 fikk han

en Grammy sammen med Hancock, Carter og Shorter, for albumet «A Tribute to Miles Davis». Williams ble nylig operert for gallestein, men spilte konsert så sent som sist fredag. Tony Williams' siste plate med tittelen *Wilderness* (EMI) kom ut i januar. NTB